



Atskana syng på heimleg grunn i april i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Koret Atskana (ekko) frå Babite ved Riga som kjem til Uskedalen fredag, har vore mykje ute og reist men dette er første gongen det er i Noreg. Faktisk har koret, som vart starta i 1983, vore i Tyskland åtte gonger mellom 1989 og 2004.

Det har også vitja Tsjekkia ein gong og vore i Danmark tre gonger - seinast i 2007. Koret har imponert mange der det har vore, men så ligg det da også i toppsjiktet i Latvia.



Atskana har også ypperlege dansarar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dirigenten Ginta Petersone har vore trufast mot oppgåva si heilt sidan 1992, men ho har to som kallast kormeistrar til å hjelpa seg. Sidan 1998 har Janis Ozols og Ralf Smidbergs hatt denne funksjonen og dei skal vera med og dirigera under konserten i Aktivitetshuset søndag ettermiddag.

Det er eit kor med stor spennvidde både med omsyn til alder og yrker. Også studentar er med. Repertoaret består av songar skriva både av latviarar og utlendingar.

Atskana syng både klassisk og moderne musikk og både latviske og utanlandske folkesongar. Koret syng også med akkompagnement av orgel, piano og det tradisjonelle latviske instrumentet kokle og det har med organisten Zaiga Lazdina til Kvinnherad. Ho skal spela under konserten i Kvinnherad kyrkje laurdag ettermiddag.

Atskana har mange gode prestasjonar bak seg. Så tidleg som i 1993 var koret med i finalen i den nasjonale songfestivalen og gjorde det også skarpt under den første felles songfestivalen for nordiske og baltiske land to år seinare. I 1999 fekk det bronsemedalje under den internasjonale kortevling Harmonia i Tyskland. Og i 2004 sikra koret sikra seg både sølv- og gulldiplom samt ein sølvmedalje under det tredje kor-OL i Bremen.

Som ein forstår har Atskana hatt særleg tett kontakt med kor i Tyskland, som i likheit med Røysterett for alle også har vitja koret i Riga.

Det er 45 passasjerar i bussen som kjem frå Riga til Uskedalen natt til fredag. Songarane skal innkvarterast heime hos songarane i Røysterett for alle - frå Omvikdalen til Herøysund - men dei fleste skal bu i Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen